



Gode Lionsvenner i 104C

Månadsbrev november 2020

Sjølv om me no er godt inne i desember månad så er dette månadsbrevet for november. Grunnen er ei utfordring med utsending frå StyreWeb. Men alt ordnar seg med litt tolmod. Det må me også ha med tanke på Covid-19 og aktivitetane i klubbane. Med den smitteauken som har vore siste tida så har mange klubbar måtta setja både klubbmøte og aktivitetar på vent. Me får kryssa fingrane for at me kan ta opp igjen aktivitetane på nyåret. Dei klubbane som misser inntekter kan søkja om kompensasjon. Her kan det vera ein del kroner å henta for mange. Krisepakke 3. Følg denne lenka. [Krisepakke 3 - ny presisering ang avlysning \(lions.no\)](https://www.lions.no/krisepakke-3-ny-presisering-ang-avlysning) Det er betre å søkja og få avslag enn ikkje søkja og kanskje gå glipp av midlar ein har rett på.

Sidan sist

Noko av det som gler meg mest er å lesa om aktivitetar i klubbane. Ingen aktivitet er for liten til å skriva om, enten det er på heimesida eller på Facebooksida vår: Lions Distrikt 104C. **LC Sveio** har hatt ryddedag i Salamanderparken til glede for publikum. Ein aktivitet dei gjer to gongar i året. **LC Bergen/Bergenhús** har gledd bebuarane på Kalfaret Sykehjem med nyopp-pussa bestestove. **LC Sandnes/Riska** satsar optimistisk på Riskadagane. Og ikkje minst at **Ola Martin Rongved** i **LC Bergen Vest** vart tildelt Lionsfakkelen av klubben sin. Les meir om Lionsfakkelen her: [Ny hedersutmerkelse - Lionsfakkelen | www.lions.no](https://www.lions.no/ny-hedersutmerkelse-lionsfakkelen) .

Distriktet

I helga som var, hadde Distriktet sitt andre styre- og rådsmøte dette lionsåret. Denne gongen i Sandnes. Veldig kjekt at me kunne arrangera møtet og at mange ville koma. Det var både viktig og nyttig å møtast. Me hadde også eit alternativ med Teams for dei som ønskte det. Mange saker, mykje informasjon og gode diskusjonar. I forkant av møtet hadde soneleiarane fått i oppgåve å ta ein "helsesjekk" på klubbane sine. Det var svært interessant lesing. Mange klubbar har gode aktivitetar og eit stort engasjement. Det som kjenneteiknar dei fleste klubbane er høg gjennomsnittsalder og det er eit faresignal for framtida til Lions. Me rekrutterer ganske godt, men klubbane klarer ikkje halda på medlemmene. På grunn av høg alder er det også ein del som sluttar av helsemessige årsaker. Medlemstalet går sakte men sikkert ein veg. Og det er ned. Distriktet vil no ta dette på høgste alvor. Ser me 10 år fram i tid, så vil nok mange klubbar vera lagt ned om me ikkje klarer å snu dette no.

Kva gjer me med dette? Jo, me tar eit skikkeleg grep rundt det å få tak i nye, gjerne yngre medlemmer og ein god plan for å halda på dei. Styrka eksisterande klubbar og stifta nye.

Styret, har i samråd med Distriksrådet vedteke at me skal laga ei kampanjenettside for medlemsverving. Slik skal me "få tak i" dei som søker etter "frivillig arbeid" på nettet. Kvar månad er det ca 1000 personar som brukar desse søkeorda på Google. Lions kjem ikkje opp som eit alternativ. Dette vil me gjera noko med. Me har stor tru på dette pilotprosjektet og meir informasjon vil koma etter kvart.

Lions 104C Web Club

Web-klubben er i full gang med planlegging av aktivitetar og medlemsverving. Det er fleire unge som ønskjer å bli medlem her då dette er ei driftsform dei unge er komfortabel med. Klubben kan også vera eit godt alternativ for medlemmer som ikkje finn seg til rette i eigen klubb eller at møteforma i klubben ikkje passar Lions - medlemmen. Det aller viktigaste er å behalda medlemmen i organisasjonen. Dette blir ein ny og spennande måte å driva ein klubb på. Ta gjerne kontakt med **GMT Jarle Rognstad**, jarle.rognstad@gmail.com , om du ønskjer meir informasjon om Web-klubben.

Lions sentralt

Laurdag 21. november var det Guvernørrådsmøte. For første gang i historia på Teams. Det er kjekt å kunna meddela at Lions Norge har tilsett ny utanlandssjef/dagleg leiar i LAN. Vår eigen **Annette Pemmer** begynner i stillinga 1. januar. Til å begynna med i ein 40% stilling. **Gratulera så mykje til Annette.** Dette blir så bra. Ei etterlengta stilling hos LAN.

Fram til no har Lions følgd dei nasjonale retningslinene når det gjeld smittevern. Guvernørrådet vel heretter i all hovudsak å følgja " Frivillighet Norge" sin veileder for smittevern. Den finn de på lions.no. [Smitteveileder for frivillige organisasjoner \(lions.no\)](https://lions.no/smitteveileder-for-frivillige-organisasjoner)

Ungdomsutveksling og ungdomsleirar i 2021 er avlyst. Aid In Meeting (AIM) blir planlagt og eventuelt gjennomført som bistandsprosjekt via Web.

Som de veit så bytte Lions Norge heimesider og medlemsregister 15. oktober. Enno manglar det ein del før alt er heilt på plass. Men det blir heilt sikkert bra til slutt. På nyåret er det planlagt opplæring i sonene på ein eller annan måte. Administrasjonen og opplæringsansvarleg i Lions Norge (MD-GLT) er ansvarlege for gjennomføringa. Det blir nok nyttig for oss alle. Les meir om den nye plattformen i det siste medlemsbladet. Og på lions.no.

MyLion

Vil igjen minna om MyLion. Det er så viktig at klubbane kjem i gang med rapportering for å synleggjera alt me gjer. Dette **må** ha førsteprioritet i alle klubbar som ikkje rapporterer. **Distriktet vårt skal bli det beste på rapportering.** 22% av klubbane (16/73) har starta.

Aksjon Libanon

Totalt har Lions Norge til no gitt kr 550.000 til Libanon via det internasjonale hjelpefondet vårt, Lions Clubs International Foundation (LCIF). LCIF har overført 1.46 millionar kroner til Libanon. Det blir rapportert frå Libanon at over 600 husvære er reparerte. Målet for Lions er 3000. Lions har også sett opp eit Lions Charity Center der utsette familiar kan få varme måltid med mat og nødvendige basisvarer. Tusen takk til alle som har støtta aksjonen. **Saman får me til - så mykje me berre vil.**

Fadderbarn i Uganda

Me manglar fadrar til seks barn i Balikuddembe. For kr 3600 i året / kr 300 pr måned kan du eller klubben din gje eit barn håp om ei lysare framtid i eit av dei fattigaste landa i Afrika. Dette er ein fin julepresang til nokon som har alt. Gje eit fadderbarn eller ønsk deg eit og julepresangen er på plass i mange år framover. Ta kontakt med **IRC i Distriktet, Lars Tveter**, It@ennte.no, om du treng meir informasjon. Han kan også ordna med eit fadderbarn til deg eller klubben din.

Campaign 100

Intensjonen med innsamlinga er å styrka Lions sitt internasjonale hjelpefond (LCIF) med heile 300 millionar USD. Lions Norge har tidlegare samla inn 7 millionar. Ein fin start. Målet i 2020 -2021 er 5 millionar. For Lions Norge totalt så er målet 18,5 millionar kroner innan 30.06.22. Alle bidrag, store og små, hjelper. Ikkje berre frå klubbane. Du som Lionsmedlem kan også bidra med ein sum direkte til LCIF. Det er også mogeleg å gje eit fast beløp, som eit abonnement. [Ge en donation | Lions Clubs International](#) . Klubbar som ikkje har støtta LCIF dei siste åra blir oppfordra til å bidra. Campaign 100 ønskjer fleire modellklubbar og oppfordrar til Melvin Jones Fellowship- utnemningar.

Distriktet har til no samla inn ca 147.000 USD. 61/73 klubbar har bidrege.

Campaign 100 gruppa ønskjer å lansera LCIF-Day som ein felles, landsdekkande aktivitet. Alle klubbar blir oppfordra til frivillig deltaking. **Dato for LCIF-Day er 12. Juni.** Campaign 100 gruppa ønskjer i den forbindelse å lansera konseptet " LCIF Vaffelen" . Då blir 12. juni "Lions' internasjonale vaffeldag". Det vil koma meir info om dette. Ta kontakt med Distriktet sin Campaign-100 kontakt, Marwin Hopland, marwin.hopland@gmail.com, dersom du har spørsmål rundt Campaign 100 og LCIF -Day.

På val til våren

Eit år går fort. Om ikkje lenge vil det bli sendt ut ei oppfordring om å senda inn forslag på kandidatar til tillitsvalde i Distriktet som skal veljast på Distriktsmøtet i april. Tenk på om du kunne tenkt deg eit av verva eller så kan du sjølvsgatt føreslå ein annan medlem. Det er også mange sonar som treng soneleiarar framover. Eit verv i Distriktet er både kjekt og lærerikt.

Til slutt

vil eg ønskja alle ei fin førjulstid og ei **GOD JUL** i vente. Det blir ei annleis jul for mange i år. Ta vare på deg sjølv og alle rundt deg. "Slå på tråden" til nokon du veit treng ei ekstra oppmuntring i desse tider. Det er ikkje alltid det skal så mykje til for å gle ein annan. Hugs at

" Kindness Matters"

Beste lionshelsing frå
Gunnhild Rein Almås
Distriktsguvernør 104C 2020-2021
Telefon 90 79 67 47
c.dg@lions.no



Vinnarteikninga i fredsplakatkonkurransen 2020-2021 i Distrikt 104C. Tema i år var "Peace Through Service" Kristoffer Nagell Busch elev i 7C ved Sørbo skole i Sandnes er kunstnaren.